

## KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE SÅKORNMIDLAR I 2015

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om Program for pasienttryggleik i Helse Vest

### Prosjektnamn

Faktorar ved god kommunikasjon i førebuing til utskriving frå spesialisthelsetenesta

### Prosjekteigar (helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)

Helse Fonna, Eining for fag og føretaksutvikling ved fagdirektør Haldis Ø. Lier

### Prosjektleder (kontaktperson)

Namn: Kristin Ingvaldsen Folven, koordinator i Eining for fag og føretaksutvikling

### Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt

Rapporten «Pasienterfaringer med norske sykehus i 2013 – Resultater for Helse Fonna HF» frå Kunnskapssenteret viser at to tredjedelar av pasientane kun i nokon -, liten grad eller ikkje i det heile teke er nøgd med informasjon gjeve som førebuing til utskriving frå sjukehus i Helse Fonna. Berre om lag ein tredjedel av pasientane rapporterer å vera i stor grad nøgd med førebuinga til tida etter utskriving. I rapporten kjem det òg fram at dette er uendra frå 2012.

### Mål for prosjektet

Hovudmålet med prosjektet det her vert søkt såkornmidlar til er å identifisere faktorar knytt til kommunikasjonen ved førebuing til utskriving som verkar inn på pasienten si eigen mestring i tida etter sjukehusopphaldet.

Delmål er å

1. identifisera faktorar som fremmar og hemmar ei god førebuing til utskriving
2. auka kunnskap om kva som er viktig i utskrivingsfase for at pasienten skal vera informert og mestra si helse
3. setja føretaket i stand til å gjera målretta tiltak for å betra kommunikasjon knytt til utskriving
4. betra pasientrapporterte erfaringar med førebuing til utskriving og dermed betra evna til eigen mestring

### Metodisk tilnærming / evaluering og måling av effekt

Prosjektet vil nytta metode for forbetring (Langley et al.) der ein i første fase kartlegg kva for endringar som kan iverksetjast for å oppnå forbedring. Del 1 av dette prosjektet vil utgjera første fase i metode for forbetring, samt første trinn i fase 2 (Demings PDSA sirkel) ved at ein gjer forundersøkingar og planlegg forbetringa.

Kvalitative data vil bli samla inn vha semistrukturerte intervju og verktøyet «I pasientens fotspor» frå innsatsområdet «Ledelse av pasientsikkerhet» i Pasientsikkerhetsprogrammet vil bli nytta. Dei kvalitative dataene vil bli analysert for å identifisera fokus for forbetring av området kommunikasjon i førebuing til utskriving.

Resultatmål:

- Auka kunnskap om kommunikasjon i førebuing til utskriving
- Kartlagte fremjande og hemmande faktorar
- Identifiserte forbetningsområde

### Planlagt bruk av resultat i eiga eining

Kunnskap om faktorar ved god kommunikasjon i førebuing til utskriving vil bidra til å klargjera kva som skal vera fokus for vidare forbetningsarbeid knytt til utskrivingsprosessen og setja føretaket i stand til å definera målretta tiltak for å betra kommunikasjonen knytt til utskriving. Gjeldande prosjekt vil vera del 1 i eit planlagt utviklingsprosjekt som omhandlar kommunikasjon ved førebuing til utskriving, samhandling med primærhelsetenesta og mogeleg samanheng med reinnleggingar (del 2). Prosjektet vil setja føretaket i stand til vidare å undersøkje fremjande og hemmande faktorar ved samhandling med primærhelsetenesta og nytte data generert i gjeldande forprosjekt til å definera eit prosjekt med mål å undersøkje om reinnleggingar er knytt til mangelfull informasjon eller dårleg kommunikasjon i førebuing til utskriving (del 2).

## **Overføringsverdi / overføring av kunnskap til andre einingar i regionen**

Informasjon om faktorar som hemmar og fremmar god kommunikasjon ved førebuing til utskrivning kan nyttast av alle helseinstitusjonar for å definera målretta tiltak for auka evne til eigen mestring hos pasientar etter sjukehusopphald.

**Oppstarttidspunkt** Juni 2015

**Sluttidspunkt** Mars 2016